



## Møteprotokoll for Heradsstyret

**Møtedato:** 22.02.2017  
**Møtestad:** Osterøy rådhus - heradsstyresalen  
**Møtetid:** kl. 16.00 – kl. 21.55

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Jarle Skeidsvoll	KRF	Ordfører
Annbjörg Bysheim Herland	KRF	Medlem
Kari Laurhammer Mjøs	KRF	Medlem
Audun Mosevoll	KRF	Medlem, permisjon frå kl. 19.15, etter sak 004/17
Mortensen, Alf Terje	FRP	Varaordfører
Kim Andre Hartveit	FRP	Medlem
Ragnar Tyssebotn	FRP	Medlem
Sigmund Faugstad	FRP	Medlem
Einar Skjerping	FRP	Medlem
Johannes Bysheim	AP	Medlem
Torunn Åsheim	AP	Medlem
Robert Eikeland	AP	Medlem
Øyvind Litland	AP	Medlem
Tone Mjelde	AP	Medlem
Rita Aud Tveiten	AP	Medlem
Andrea Hartveit	AP	Medlem
Jørgen Varden	AP	Medlem
Atle Solberg	H	Medlem
Berit Moslett Borge	H	Medlem
Hjalti Heimir Gislason	H	Medlem
Johannes Haugland	SP	Medlem
Lars Fjeldstad	SP	Medlem
Jon Flydal Blichfeldt	MDG	Medlem
Silje Midtbø Vevle	MDG	Medlem
Kjersti Ingolvdotter Vevatne	V	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Hildegunn Mo	FRP	Medlem

Ingemar Tepstad	H	Medlem
-----------------	---	--------

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Leif Tore Solberg	KRF	For Kari L. Mjøs i delar av sak 004/17 og for Audun Mosevoll i sakene 005 – 016/17
Siren Tyssebotn	FRP	Hildegunn Mo
John Tysse	FRP	For Ragnar J. Tyssebotn i delar av sak 004/17
Vibeke Hanstvedt	FRP	For Siren Tyssebotn i delar av sak 004/17
Katrine Ahmer	H	Ingemar Tepstad, fekk permisjon frå kl. 21.50, etter sak 007/17
Inge Halland	H	For Katrine Ahmer i sak 006/17 og i sakene 008 – 16/17
Turid Bjørndal Njåstad	SP	For Lars Fjeldstad i delar av sak 004/17 og i sak 010/17

**Følgjande frå administrasjonen møtte:** Rådmannen og utvalssekretæren

## Sakliste

Saknr	Tittel
001/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/17	Godkjenning av møtebok
003/17	Referatsaker og meldingar
004/17	2. gongs offentleg ettersyn av kommunedelplan for sjø- og strandsone
005/17	Andre gangs handsaming - Plansak 12532014001 - Detaljregulering Småland Næring - Småland, Hauge
006/17	Handsaming - driftsplan for massedeponi Gloppemyra 2017-2018
007/17	Rapport frå Asplan Viak om framtidig lokalisering av barneskulen i Valestrandsområdet
008/17	Skjenkekontroll 10.12.16 - Fjordslottet, Fotlandsvåg
009/17	Skjenkekontroll 10.12.16 - Ole Bull Kro, Valestrand
010/17	Skjenkekontroll 10.12.16 - Osterøykroa, Lonevåg
011/17	Skjenkekontroll 19.11.16 og 11.12.16 - Kjellaren Restaurant, Valestrandsfossen
012/17	Rapport etter kontrol med salsløyve for alkohol 06.01.17 - Extra Lonevåg
013/17	Rapport etter kontroll med salsløyve for alkohol 06.01.17 - Joker Fotlandsvåtg

- 014/17 Rapport etter kontroll med salsløyve for alkohol 06.01.17 - Rema 1000 Lonevåg
- 015/17 Plan for frivilligpolitikk - oppnemning av politisk arbeidsgruppe
- 016/17 Konstituering av rådmann 01.03.2017 - 17.04.2017

**001/17: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

**22.02.2017 HERADSSTYRET**

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

**HS - 001/17 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

---

**002/17: Godkjenning av møtebok**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå 2017 vert godkjend.

**22.02.2017 HERADSSTYRET**

Det var ikkje merknader til utsend møteprotokoll.

**HS - 002/17 VEDTAK:**

Møteprotokoll frå 21.12.17 vert godkjend.

---

**003/17: Referatsaker og meldingar**

**Rådmannen sitt framlegg:**

"Referatsakene vert tekne til vitande."

**22.02.2017 HERADSSTYRET**

## AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### HS - 003/17 VEDTAK:

"Referatsakene vert tekne til vitande."

---

## 004/17: 2. gongs offentleg ettersyn av kommunedelplan for sjø- og strandsone

Rådmannen sitt framlegg:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Plan- og kommunalteknisk utval tilrår å leggja Kommunedelplan for sjø og strandsone (Sjø- og strandsoneplanen), planID 12532014007, med plankart, føresegner og planskildring datert 19.01.2017, og tilhøyrande vedlegg, til 2.gongs høyring og offentleg ettersyn, jf. PBL § 11-14.

### 01.02.2017 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL

Leiar for planavdelinga og sakshandsamar var til stades ved utvalet si handsaming.

Sakshandsamar gav ein kort lysarkpresentasjon av planprosessen.

---

#### *Ugildskap*

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, bad om vurdering av gildskap for sitt vedkomande i høve til områda 43, 44 og 46 i Konsekvensutgreiinga.

Lars Fjeldstad, SP, bad om vurdering av gildskap for sitt vedkomande i høve til område 75 i Konsekvensutgreiinga.

Utvalet slutta seg samrøystes til å førebels ta desse punkta ut og handsama dei til slutt i saka.

---

*15 - Småbåthamn og gjestehamn Fotlandsvåg (s. 60 i KU)*

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 13.20 - kl. 13.30 med gruppemøte for AP og for H, KRF og

SP.

Det vart halde nytt gruppemøte for H, AP og FRP frå kl. 13.30 - kl. 13.35.

-----  
Atle Solberg, H, gjorde slikt framlegg: "Me gjer framlegg om alternativ 1 som lokalisering for småbåthamn og gjestehamn i Fotlandsvåg."

-----  
Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 13.45 - kl. 13.50 med gruppemøte for AP og FRP.

-----  
Øyvind Litland, AP, gjorde slikt framlegg: "Område 1 som er det inste området i Vågen, vert regulert for gjestehamn og kaiområde for offentleg formål. Område 2B (langs land utanfor "Fotlandsnausta") vert regulert til småbåthamn."

#### **AVRØYSTING**

Rådmannenn sitt framlegg	-	0 røyster
H/KRF/SP sitt framlegg	-	3 røyster (1h,1KRF,1SP)
AP/FRP sitt framlegg	-	4 røyster (2AP,2FRP)

-----  
*30 - Fritidsbustad, småbåthamn og friluftsområde - Hoshovde (s. 120 i KU)*

Øyvind Litland, AP, gjorde på vegner av AP, FRP og SP slikt framlegg: "Punkt 5 i konklusjonen til rådmannen endrast til: Det vurderast eit areal til naust med mulighet for fortetting i område 5b. Fylling i sjø vert frårådd."

#### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg	-	2 røyster (1KRF, 1H)
Øyvind Litland sitt framlegg	-	5 røyster (2AP,1SP,2FRP)

*31 - Bustadområde og friluftsområde - Lonevåg (s. 128 i KU)*

Øyvind Litland, AP, gjorde på vegner av AP og FRP slikt framlegg: "Området sine grenser vert retta til å følgja naturleg avgrensing langs fylkesvegen. Området nord for fylkesveg vert regulert til næring. Det vert tilrådd naustmiljø på to stader som begge kan realiserast utan store naturinngrep: på bnr. 158 der det i dag står eit tidlegare garveribygge til nedfalls. 3-4 naust kan realiserast utan store naturinngrep. på bnr. 159 der det i dag står eit naust som tidlegare tilhørde garden til Ivar og Solveig Lohne, gnr. 13/bnr. 2. 3 - 4 naust kan realiserast utan store naturinngrep. For begge stadene vert det

lagt til grunn felles kaianlegg så langt det høver."

-----

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 14.15 - kl. 14.20 med gruppemøte for AP og FRP.

-----

Rådmannen orienterte kort om planprosessen og konsekvensar av å leggja inn nye tiltak/innspele.

-----

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 14.25 - kl. 14.30 med gruppemøte for AP, H og FRP.

-----

Øyvind Litland, AP, trekte sitt endringsframlegg for område 31.

*32 - Næringsområde og akvakultur Lonevåg (s. 131 i KU)*

Øyvind Litland, AP, gjorde på vegner av AP, FRP, H og SP slikt framlegg: "Tiltaket vert tilrådd å nytta til akvakultur. Det vert ikkje tillatt med utfylling i sjø."

#### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg - 1 røyst

Fellesframlegget - 6 røyster (2AP,1H,1SP,2FRP)

*34 - Bustad og naust Raknes (s. 141 i KU)*

Øyvind Litland, AP, gjorde på vegner av AP og FRP slikt framlegg: "Det vert etablert eit naustområde med kaianlegg i området i påvente av nytt bustadområde."

-----

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 15.05 - kl. 15.10 med gruppemøte for AP og FRP.

-----

Øyvind Litland, AP, trekte framlegget.

-----

*47 - Naustområde Hjellvik (s. 182 i KU)*

Kim Andre Hartveit, FRP, gjorde slikt framlegg: "Tiltaket vert tilrådd. Ein ser det som positivt for

miljøet kring kaien at ein kan fortetta med naust i dette området."

#### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg - 5 røyster (1H,2AP,1SP,1KRF)

Kim A. Hartveit sitt framlegg - 2 røyster (2FRP)

*Gnr. 129/bnr. 87 Hamre - Roger Merkesvik sin kai (nytt tiltak)*

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Heimelshavar til gnr. 129/bnr.87 fekk i 2014 løyve til å byggja opp att eksisterande kai som var rasa ned. Opphavleg vart dette ein del av to gamle kaiar som låg med litt avstand. I forbindelse med søknad om å reparera den nedraste kaien, søkte heimelshavar om å få knyta saman dei to gamle kaiane, slik at den nye kaien ville framstå med samla kaifront. Tiltaket er også godkjent av Kystverket. Heimelshavar fekk av Osterøy kommune berre løyve til å setja opp igjen den øydelagde kaien. "Samanføyinga" måtte handsamast i samband med sjø- og strandsoneplanen. Heimelshavar har vore i den tru at ynske om "samanføying" automatisk vart handsama i arbeidet med sjø- og strandsoneplanen, noko som syner seg å ikkje vera tilfelle. Heimelshavar er aktiv fiskar og vil nyttiggjera seg kaien som omsøkt. Heimelshavar sitt ynske om å få sett opp kaifront naturleg avgrensa av dei to eksisterande kaiar, vert imøtekomen."

-----  
Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 15. 45 - kl. 15.55 med gruppemøte for FRP, H og AP.

#### **AVRØYSTING**

Framlegget fall med 5 røyster (1H,2AP,1SP,1KRF) mot 2 røyster (2FRP)

-----  
*55 Naustområde Hamre (s. 207 i KU)*

Øyvind Litland, AP, gjorde på vegner av AP, FRP, H og SP slikt framlegg: "Området vert lagt ut som naustområde som skravert på kart i saksutgreiinga.

#### **AVRØYSTING**

Framlegget vart samrøystes vedteke.

*57 Naust Hamre*

Øyvind Litland, AP, gjorde på vegner av AP, FRP og H slikt framlegg: "Tiltaket vert tilrådd som omsøkt og dokumentert i saksutgreiinga."

#### **AVRØYSTING**



Framlegget vart samrøystes vedteke.

-----  
*77 Naust og bryggje Olsnes, Bruvik (s. 272 i KU)*

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Tiltaket vert tilrådd som framstilt i saksutgreiinga."

**AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg - 5 røyster (2AP,1H,1KRF,1SP)

Ragnar J. Tyssebotn sitt framlegg - 2 røyster (2FRP)

-----  
*82 - Utviding av akvakultur Tepstad (s. 288 i KU)*

Lars Fjeldstad, SP, gjorde slikt framlegg: "Føresegnene pkt. 6.24 vert endra slik: Setninga *Innan området(Tepstad og Angelskår) kan det leggjast til rette for oppdrett av skjel og/eller tare tilknytt til eksisterande oppdrettsanlegg (Pbl. § 11-7, nr. 6 og § 11-11, nr. 7) går ut.*"

**AVRØYSTING**

Lars Fjeldstad sitt framlegg vart vedteke med 4 røyster (1SP,2FRP,1KRF) mot 3 røyster (1H,2AP)

-----  
*87 - Mindre endring av eksisterande akvakulturareal (s. 304 i KU)*

Kim Andre Hartveit, FRP, gjorde slikt framlegg: "Området Heldal blir teke ut av av strandsoneplanen."

**AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg - 4 røyster (2AP,1KRF,1SP)

Kim A. Hartveit sitt framlegg - 3 røyster (2FRP,1H)

-----  
**AVRØYSTING**

*Planen samla med unntak for områda 75, 43, 44 og 46*

Rådmannen sitt framlegg med slike endringar som vedteke

i møtet - samrøystes

75 - Landbruksareal Neset, Bruvik (s. 266 i KU)

Lars Fjeldstad, SP, bad om vurdering av sin gildskap grunna at faren eig naboeigedomen.

Han vart kjend ugild med 6 røyster mot 1 røyst (1 FRP) og tok ikkje del i møtet ved handsaminga av dette punktet - 6 medlemmer/varamedlemmer til stades.

-----  
Kim A. Hartveit, FRP, gjorde slikt framlegg: "Området blir som i dag (friorråde)."

#### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg - 5 røyster (1H,2AP,1SP,1KRF)

Kim A. Hartveit sitt framlegg - 2 røyster (2FRP)

-----  
Lars Fjeldstad, SP, kom tilbake til møtet no - 7 medlemmer/varamedlemmer til stades.

-----  
Ragnar J. Tyssebotn, FRP, bad om vurdering av gildskap for sitt vedkomande i høve til områda 43, 44 og 46 i KU og tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap - Sigmund Faugstad, FRP, møtte som vara - 7 medlemmer/varamedlemmer til stades.

Han vart samrøystes kjend ugild i h.t. området 43 då ektefellen er grunneigar, og for områda 44 og 46 der sonen har eigarinteresser. Vedtaket vart gjort i medhald av fvl. § 6, 1. ledd, bokstav b .. *når han er i slikt eller svogerskap med en part i opp- eller nedstigende linje eller i sidelinje så nær som søsken;...*

-----  
43 - Naustområde Raknes (s. 169 i KU)

Ingen endringar.

44 - Naust og bustad Hjellvik (s. 172 i KU)

Kim A. Hartveit, FRP, gjorde slikt framlegg: "Naustområdet vert tilrådd som vist på kart i saksutgreiing. Grensa for funksjonell strandsone vert endra til som vist på kartet vedlagt i saksutgreiinga."

#### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg - 5 røyster (1H,2AP,1SP,1KRF)

Kim A. Hartveit sitt framlegg - 2 røyster (2FRP)

-----

*46 Flytebryggje og kai Hjellvik (s. 179 i KU)*

Kim Andre Hartveit, FRP, gjorde slikt framlegg: "Utbyggjar får løyve til tiltak som omsøkt. Flytebryggja kan maksimalt vera 8 meter eksklusiv landgang."

#### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg - 5 røyster (1H,2AP,1SP,1KRF)

Kim A. Hartveit sitt framlegg - 2 røyster (2FRP)

-----

Etter dette vart det ikkje gjort vedtak om endringar knytt til områda 75, 43, 44 og 46.

#### **PL - 016/17 VEDTAK:**

Plan- og kommunalteknisk utval sitt vedtak:

**"Kommunedelplan for sjø og strandsone (Sjø- og strandsoneplanen), planID 12532014007, med plankart, føresegner og planskildring datert 19.01.2017, og tilhøyrande vedlegg, og med dei endringar som er vedtekne i møtet 01.02.17, vert lagt ut til 2.gongs høyring og offentleg ettersyn, jf. PBL § 11-14."**

#### **08.02.2017 FORMANNSKAPET**

Leiar for planavdelinga var til stades ved formannskapet si handsaming.

-----

*Punkt 15 Småbåthamn og gjestehamn Fotlandsvåg (s. 60 i KU)*

Hjalti H. Gislason, H, gjorde slikt framlegg: "Alternativ 1 vert vald som lokalitet for gjestehamn, småbåthamn og skyssbåtkai.

Johannes Bysheim, AP, gjorde slikt framlegg: "Område 1 som er det inste området i Vågen vert regulert for gjestehamn og kaiområde for offentleg formål. Område 2 B(langs land utanfor "Fotlandsnausta") vert regulert til småbåthamn."

#### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg - 0 røyster

Hjalti H. Gislason sitt framlegg - 5 røyster (2KRF,1H,1V,1SP)

Johannes Bysheim sitt framlegg - 4 røyster (2AP,2FRP)

-----

*Punkt 30 Fritidsbustad, småbåthamn og friluftsområde Hoshovde (s. 120 i KU)*

Johannes Bysheim, AP, gjorde slikt framlegg: "Punkt 5 i konklusjonen til rådmannen endrast til: Det vurderast eit areal til naust med mulighet for fortetting i område 5b. Fylling i sjø vert frårådd."

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - 4 røyster (2KRF,1H,1V)

Johannes Bysheim sitt framlegg - 5 røyster (2AP,2FRP,1SP)

*Punkt 32 Næringsområde og akvakultur Lonevåg (s. 131 i KU)*

Johannes Bysheim, AP gjorde på vegner av AP og FRP slikt framlegg: "Tiltaket vert tilrådd å nytta til akvakultur. Det vert ikkje tillatt med utfylling i sjø."

-----

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 14.30 - kl. 14.40 med gruppemøte for KRF, SP og V.

-----

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - 2 røyster (1KRF,1V)

Johannes Bysheim sitt framlegg - 7 røyster (2AP,2FRP,1H,1SP,1KRF)

*Punkt 34 Bustad og naust Raknes (s. 141 i KU)*

Rita Tveiten, AP, gjorde slikt framlegg: "Det vert etablert eit naustområde med kaianlegg i området i påvente av nytt bustadområde."

-----

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 14.50 - kl. 15.05 med gruppemøte for AP og FRP og for KRF.

-----

AVRØYSTING

Rådmannen sitt forslag - 5 røyster (2KRF, 1H,1SP,1V)

Rita Tveiten sitt forslag - 4 røyster (2AP,2FRP)

*Punkt 77 Naust og bryggje Olsnes, Bruvik (s. 272 i KU)*

Hildegunn Mo, FRP, bad om vurdering av gildskap for sitt vedkomande då dette gjeld sonen sin eigedom - ho tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap - Kari L. Mjøs, KRF, møtte som vara - 9 medlemmer/varamedlemmer til stades.

Hildegunn Mo vart samrøystes kjend ugild. Vedtaket vart gjort i medhald av fvl. § 6, 1. ledd, bokstav b .. *når han er i slekt eller svogerskap med en part i opp- eller nedstigende linje eller i sidelinje så nær som søsken..* .

-----

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde på vegner av AP og FRP slikt framlegg: "Det vert gjeve løyve til naust og kai som omsøkt."

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - 6 røyster (3KRF,1H,1SP,1V)

Alf T. Mortensen sitt framlegg - 3 røyster (2AP,1FRP)

-----

Hildegunn Mo, FRP, kom tilbake til møtet og Kari L. Mjøs, KRF, gjekk frå møtet att etter dette punktet.

Annbjørg B. Herland, KRF, fekk no permisjon frå møtet frå kl. 15.45 - 8 medlemmer/varamedlemmer til stades.

*Punkt 39 Friluftsområde, naustområde og bustadområde Raknes*

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Gnr 110 BNR 6 Steinaneset vert ikkje lagt ut som friområde."

-----

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 15.50 - kl. 15.55 med gruppemøte for AP og FRP.

-----

Framlegget vart trekt før avrøysting.

*Gnr. 129/bnr. 87 Hamre - Roger Merkesvik sin kai (nytt tiltak)*

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Heimelshavar til gbnr 129/ 87 fekk i 2014 løyve til å setje opp igjen eksisterande kai som var rasa ned.

Opphavelag var dette ein del av to gamle kaiar som låg med litt avstand.

I forbindelse med søknad om å reparere den nedfalte kaien, søkte heimelshavar om få knytta saman dei 2 gamle kaiane, slik at den nye kaien ville framstå med samla kaifront.

Tiltaket er også godkjent av Kystverket.

Heimelshavar fekk av Osterøy Kommune berre løyve til å setje opp igjen den øydelagde kaien.

"Samanføyninga" måtte handsamast i samband med sjø- og strandsoneplanen.

Heimelshavar vore i den tru at ynskje om "samanføyning" automatisk vart handsama i arbeidet med sjø- og strandsoneplanen, noko som syner seg å ikkje være tilfelle.

Heimelshavar er aktiv fiskar og vil nyttiggjera seg kai som omsøkt.

Heimelshavar sitt ynskje om å få sett opp kaifront naturleg avgrensa av dei to eksisterande kaiar, vert imøtekome."

-----  
Det vart halde pause i drøftingane med gruppemøte for AP og FRP frå kl. 16.10 - kl. 16.15

#### AVRØYSTING

rådmannen sitt framlegg - 6 røyster (1KRF,2AP,1H,1SP,1V)

FRP sitt framlegg - 2 røyster (2FRP)

#### *Punkt 47 Naustområde Hjellvik (s. 182 i KU)*

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Tiltaket vert tilrådd. Området stoppar i nordvestleg retning i vika utom siste naustet. Ein ser det som positivt for miljøet kring kaien at ein kan fortette med naust i dette området."

-----  
Det vart halde pause i drøftingane med gruppemøte for AP og FRP frå kl. 16.10 - kl. 16.15

#### AVRØYSTING

rådmannen sitt framlegg - 6 røyster (1KRF,2AP,1H,1SP,1V)

FRP sitt framlegg - 2 røyster (2FRP)

#### *Punkt 55 naust Hamre (s. 207 i KU)*

Alf Terje Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Området vert lagt ut som naustområde som skravert

på kart i saksutgreiinga."

Kjersti Vevatne, V, gjorde slikt framlegg om tillegg: "Storleik og utforming av tiltaket må planleggast med omsyn til kulturminneverdiar knytt til Hamre som kyrkjestad og Hamre prestebustad."

Framlegget vart trekt før avrøysting.

AVRØYSTING

Alf T. Mortensen sitt framlegg - samrøystes

-----

*Punkt 57 Naust Hamre (s. 212 i KU)*

Alf Terje Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Tiltaket vert tilrådd som omsøkt."

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - 0 røyster

Alf T. Mortensen sitt framlegg - samrøystes

-----

*Punkt 82 Utviding av akvakultur Tepstad (s. 288 i KU)*

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slik framlegg: "Føresegnene pkt. 6.24 vert endra slik: Setninga "Innan området (Tepstad og Angelskår) kan det leggjast til rette for oppdrett av skjel og/eller tare tilknytt til eksisterande oppdrettsanlegg (pbl. § 11-7, nr. 6 og § 11-11, nr. 7)" går ut.

AVRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg - 4 røyster (1V, 2AP, 1H)

Alf T. Mortensen sitt framlegg - 4 (1KRF, 1SP, 2FRP) (tilrådd med ord-

føraren si dobbeltrøyst)

*Punkt 87 Mindre endring av eksisterane akvakulturareal (s. 304 i KU)*

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Området Heldal blir teke ut av strandsoneplanen."

AVRØYSTING

- Rådmannen sitt framlegg - 3 røyster (1KRF, 1H,1V)  
FRP sitt framlegg - 5 røyster (2AP,2FRP, 1SP)

*Punkt 75 Landbruksareal Neset, Bruvik*

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Området blir som i dag (friområde)."

**AVRØYSTING**

- Rådmannen sitt framlegg - 2 røyster (1KRF,1V)  
Alf T. Mortensen sitt framlegg - 6 røyster (2AP,2FRP,1H,1SP)

*Punkt 44 Naust og bustad Hjellvik (s. 172 i KU)*

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Naustområde vert tilrådd som vist på kart i saksutgreiing."

**AVRØYSTING**

- Rådmannen sitt framlegg - 3 røyster (1KRF,1V,1SP)  
Alf T. Mortensens sitt framlegg - 5 røyster (2FRP,2AP,1H)

*Punkt 46 Flytebryggje og kai Hjellvik (s. 179 i KU)*

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Det vert gjeve løyve til utlegging av flytebrygge med tilhøyrande installasjonar."

**AVRØYSTING**

- Rådmannen sitt framlegg - 3 røyster (1KRF, 1V, 1H)  
Alf T. Mortensen sitt framlegg - 5 røyster (2AP,2FRP,1SP)

**AVRØYSTING**

Planen samla med tilrådde

- endringar - samrøystes



## **FS - 004/17 VEDTAK:**

**Formannskapet si innstilling:**

**"Kommunedelplan for sjø og strandsone (Sjø- og strandsoneplanen), planID 12532014007, med plankart, føresegner og planskildring datert 19.01.2017, og tilhørende vedlegg, og med dei endringar som er vedtekne endringar i møtet 08.02.17, vert lagt ut til 2.gongs høyring og offentleg ettersyn, jf. PBL § 11-14."**

## **22.02.2017 HERADSSTYRET**

*Ugildskap for medlemmer i delar av saka - handsaming*

*43 Naustområde Raknes (s. 169 i KU), 44 Naust og bustad Hjellvik (s. 172 i KU) og 46 Flytebryggje og kai Hjellvik (s. 179 i KU)*

Siren Tyssebotn, FRP, bad om vurdering av gildskap for sitt vedkomande som søster til søkjar/tiltakshavar.

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, bad om vurdering av gildskap for sitt vedkomande som far til søkjar/tiltakshavar

*75 - Landbruksareal Neset, Bruvik (s. 266 i KU)*

Lars Fjeldstad, SP, bad om vurdering av gildskap for sitt vedkomande då faren eig naboeigedomen.

*Punkt 30 Fritidsbustad, småbåthamn og friluftsområde Hoshovde*

Kari Mjøs, KRF, bad om vurdering av gildskap for sitt vedkomande som grunneigar i området.

*Punkt 31 Bustadområde og friluftsområde Lonevåg (s. 128 i KU)*

Jørgen Varden, AP, bad om vurdering av gildskap for sitt vedkomande som styreleiar i Stiftinga Nesjatun

John Tysse, FRP, Vibeke Hanstvedt, FRP, Turid B. Njåstad, SP og Leif Tore Solberg, KRF møtte som vara - 26 medlemmer/varamedlemmer til stades

## **AVRØYSTING - gildskap**

### **Punkta 43, 44 og 46**

Siren Tyssebotn - samrøystes kjend ugild

Ragnar J. Tyssebotn - samrøystes kjend ugild

*Vedtaket vart gjort i medhald av fvl. § 6, 1. ledd, bokstav b ... er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltningssak når han er i slekt eller svogerskap med en parti opp- eller nedstigende linje eller i sidelinje så nær som søsken.. .*

#### **Punkt 75**

Lars Fjeldstad - kjend ugild med 26 røyster mot 1 røyst (1H)

*Vedtaket vart gjort i medhald av fvl. § 6, 2. ledd ... likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet, blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til.*

#### **Punkt 30**

Kari Laurhammer Mjøs - samrøystes kjend ugild

*Vedtaket vart gjort i medhald av fvl. § 6, 1. ledd, bokstav a ... er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltningssak når han selv er part i saken.... .*

#### **Punkt 31**

Jørgen Varden - kjend ugild med 25 røyster mot 1 røyst (1H)

*Vedtaket vart gjort i medhald av fvl. § 6, 1. ledd, bokstav e nr. 1 ... er ugild til å tilrettelegge grunnlaget for en avgjørelse eller til å treffe avgjørelse i en forvaltningssak når han ... er medlem av styret for ....eller stiftelse som part i saken.. .*

---

#### *Punkt 15 Småbåthamn og gjestehamn Fotlandsvåg*

Hjalti H. Gislason, H, gjorde slikt framlegg: "Alternativ 1 vert vald som lokalitet for gjestehamn, småbåthamn og skyssbåtkai."

---

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 16.40 - kl. 16.45 med gruppemøte for H og AP

---

AVRØYSTING - punkt 15

Hjalti H. Gislason sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

---

*Punkt 30 Fritidsbustad, småbåthamn og friluftsområde Hoshovde (s. 120 i KU)*

Kari Mjøs, KRF deltok ikkje i møtet ved handsaminga av dette punktet - Leif T. Solberg, KRF, møtte som vara - 27 medlemmer/varamedlemmer til stades.

-----  
AVRØYSTING - punkt 30

Formannskapet sitt framlegg - 20 røyster

Rådmannen sitt framlegg - 7 røyster

-----  
Kari Mjøs, KRF, kom tilbake til møtet etter dette punktet, Leif T. Solberg gjekk frå møtet - 27 medlemmer/varamedlemmer til stades.

-----  
*Punkt 32 Næringsområde og akvakultur Lonevåg (s. 131 i KU)*

Formannskapet sitt framlegg - 21 røyster (8AP,4H,6FRP,1V,2SP)

Rådmannen sitt framlegg - 6 røyster (2MDG,4KRF)

-----  
*Punkt 34 Bustad og naust Raknes (s. 141 i KU)*

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 17.15 - kl. 17.20 med gruppemøte for FRP, og deretter frå kl. 17.20 - kl. 17.30 med gruppemøte for FRP og AP

-----  
Rita Tveiten, AP, gjorde slikt framlegg: "Det vert etablert eit naustområde med kaianlegg i området i påvente av nytt bustadområde."

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Området vert lagt inn i planen som vist på kart side 142 i Konsekvensutgreiing – Kommunedelplan for sjø- og strandsone 2017-2027X – Osterøy kommune."

AVRØYSTING - PUNKT 34

Alternativ avrøysting

Formannskapet sitt framlegg - 13 røyster (4KRF,4H,1V,2MDG,2SP)

Rita Tveiten sitt framlegg - 14 røyster (8AP,6FRP)

Alf T. Mortensen sitt framlegg - 6 røyster ( 6FRP)

-----

*Punkt 77 Naust og bryggje Olsnes, Bruvik (s. 272 i KU)*

Punkt 77

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg: "Området vert sett av til kai og naust i strandsoneplanen."

Øyvind Litland, AP, gjorde framlegg om slikt tillegg: "Men det vert ikkje tilrådd med sprenging i svaberg."

AVRØYSTING punkt 77

Alternativ avrøysting

Framlegg frå FRP og AP - 14 røyster (8AP, 6FRP)

Formannskapet sitt framlegg - 13 røyster (4KRF,4H,2SP,1V,2MDG)

-----

*Gnr. 129/bnr. 87 Hamre - Roger Merkesvik sin kai (nytt tiltak, ikkje vurdert i KU)*

Alf T. Mortensen, FRP, gjorde slikt framlegg (tok opp att sitt framlegg frå formannskapet):

"Heimelshavar til gbnr 129/ 87 fekk i 2014 løyve til å setje opp igjen eksisterande kai som var rasa ned.

Opphavelag var dette ein del av to gamle kaiar som låg med litt avstand.

I forbindelse med søknad om å reparere den nedfalte kaien, søkte heimelshavar om få knytta saman dei 2 gamle kaiane, slik at den nye kaien ville framstå med samla kaifront.

Tiltaket er også godkjent av Kystverket.

Heimelshavar fekk av Osterøy Kommune berre løyve til å setje opp igjen den øydelagde kaien.

"Samanføyninga" måtte handsamast i samband med sjø- og strandsoneplanen.

Heimelshavar vore i den tru at ynskje om "samanføyning" automatisk vart handsama i arbeidet med sjø- og strandsoneplanen, noko som syner seg å ikkje være tilfelle.

Heimelshavar er aktiv fiskar og vil nyttiggjera seg kai som omsøkt.

Heimelshavar sitt ynskje om å få sett opp kaifront naturleg avgrensa av dei to eksisterande kaiar, vert imøtekome."

AVRØYSTING

Framlegget fall med 21 røyster (8AP,4H,4KRF,2SP,1V,2MDG) mot 6 røyster (6FRP)

-----

*Punkt 47 Naustområde Hjellvik (s. 181 i KU)*

AVRØYSTING - punkt 47

Formannskapet sitt framlegg - vedteke med 21 røyster (8AP,4H,4KRF,2SP,1V,2MDG)

mot 6 røyster (6FRP)

-----

*Punkt 55 naust Hamre (s. 207 i KU)*

ARØYSTING - punkt 55

Formannskapet sitt framlegg - vedteke med 25 røyster mot 2 røyster  
(2 MDG)

*Punkt 57 Naust Hamre (s. 212 i KU)*

Formannskapet sitt framlegg - samrøystes vedteke

-----

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 17.55 - kl. 18.00 med gruppemøte for AP

-----

*Pkt. 82 Utviding av akvakultur Tepstad (s. 288 i KU)*

Jon F. Blichfeldt, MDG, gjorde slikt framlegg om tillegg: "For øvrige akvakulturområder lokalisert i fjordane kring Osterøy skal det vera minimalt til ingen utslepp av organiske partiklar til resipienten (PBL § 11-9, nr.6) innan 2027."

AVRØYSTING - punkt 82

Formannskapet sitt framlegg - samrøystes vedteke.

-----

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 18.15 - kl. 18.25 med gruppemøte for KRF og for AP og FRP

-----

Jon F. Blichfeldt sitt framlegg - fall med 20 røyster mot 7 røyster

-----

*Punkt 87 Mindre endring av eksisterande akvakulturareal (s. 304 i KU)*

Kari Mjøs, KRF, tok opp spørsmål om ugildskap for sitt vedkomande som utbyggjar i området. Ho tok ikkje del i møtet ved avgjerd om gildskap - 26 medlemmer/varamedlemmer til stades

Avrøysting - gildskap

Kari Mjøs, KRF, vart kjend gild med 24 røyster mot 2 røyster, då heradsstyret fann at det ikkje låg føre ugildskap etter fvl. § 6, 1 eller 2. ledd. Ho kom no tilbake til møtet - 27 medlemmer/varamedlemmer til stades.

AVRØYSTING - punkt 87

Alternativ avrøysting

Formannskapet sitt framlegg - 17 røyster (8AP,6FRP,2SP,1H)  
Rådmannen sitt framlegg 10 røyster (4KRF, 2MDG,3H,1V)

-----

*Punkt 75 Landbruksareal Neset Bruvik*

Lars Fjeldstad, SP, tok ikkje del i møtet ved handsaming av dette punktet - Turid B. Njåstad, SP, møtte som vara - 27 medlemmer/varamedlemmer til stades.

-----

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 18.55 - kl. 19.00 med gruppemøte for KRF og for MDG

-----

AVRØYSTING punkt 75

Formannskapet sitt framlegg - vedteke med 24 røyster (5AP,4KRF,2SP,6FRP,4H,2MDG,1V)  
mot 3 røyster (3AP)

-----

*Punkt 44 Naust og bustad Hjellvik (s. 172 i KU)*

Ragnar J. Tyssebotn, FRP og Siren Tyssebotn, FRP, tok ikkje del i møtet ved handsaming av dette punktet - John Tysse, FRP og Vibeke Hanstvedt, FRP, møtte som vara - 27 medlemmer/-varamedlemmer til stades.

-----

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 19.00 - kl. 19.15 med gruppemøte for FRP og AP.

-----

AVRØYSTING punkt 44

Alternativ avrøysting

Formannskapet sitt framlegg - 13 røyster (6FRP,7AP)  
Rådmannen sitt framlegg - 14 røyster (4KRF,4H,2SP,1V,1AP,2MDG)

-----

*Punkt 46 Flytebryggje og kai Hjellvik (s. 179 i KU)*

Alternativ avrøysting

Formannskapet sitt framlegg - 13 røyster (6FRP,7AP)  
Rådmannen sitt framlegg - 14 røyster (4KRF,4H,2SP,1V,1AP,2MDG)

-----

**ENDELEG AVRØYSTING**

Samla plan med vedtekne endringar - samrøystes vedteken

-----

Det vart halde pause i møtet frå kl. 19.15 - kl. 19.55.

-----

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, viste til sakshandsamingsfeil i samband endeleg avrøysting, då dei faste medlemmene ikkje tok del i denne.

-----

Det vart halde pause i drøftingane frå kl. 20.05 - kl. 20.10 med gruppemøte for FRP. Deretter var det møte mellom ordføraren og gruppeleiarane frå kl. 20.10 - kl. 20.15.

-----  
Ordføreren gjorde slikt framlegg: "Saka vert teken opp til ny endeleg avrøysting for heile planen og med endringar vedtekne i møtet i dag."

Heradsstyret slutta seg samrøystes til framlegget.

#### **ENDELEG AVRØYSTING**

Samla plan med vedtekne endringar - samrøystes vedteken

#### **HS - 004/17 VEDTAK:**

**Kommunedelplan for sjø og strandsone (Sjø- og strandsoneplanen), planID 12532014007, med plankart, føresegner og planskildring datert 19.01.2017, og tilhøyrande vedlegg, og med dei endringar som er vedtekne i møtet 22.02.17, vert lagt ut til 2.gongs høyring og offentleg ettersyn, jf. PBL § 11-14.**

-----  
Det vart halde pause i møtet frå kl. 19.15 – kl. 19.55 med mat og kaffi i kantina.

Audun Mosevoll, KRF, fekk permisjon og gjekk frå møtet i pausen. Leif T. Solberg, KRF, møtte som vara for han i sakene 005 – 016/17 – 27 medlemmer/varamedlemmer til stades.

-----

#### **005/17: Andre gangs handsaming - Plansak 12532014001 - Detaljregulering Småland Næring - Småland, Hauge**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

**Heradsstyret vedtek i medhald av plan-og bygningslova § 12-12 detaljplan for Småland næringsområde – Hauge planID 12532014001 med plankart, føresegner og planskildring datert 24.11.16 og VA rammeplan datert 16.11.15.**

#### **14.12.2016 PLAN- OG KOMMUNALTEKNISK UTVAL**

Leiar for planavdelinga var til stades i møtet ved utvalet si handsaming.

-----

Ragnar J. Tyssebotn, FRP, gjorde slikt framlegg: "Saka vert vedteken i tråd med framlegg med følgjande endringar: Det vert opna for å redusera vegetasjonsskjermfelt GV1-5 langs den austlege grensa av reguleringsområdet. Breidde på vegetasjonsskjerm mot bustadhusa kan ikkje reduserast. Det vert og opna for å nytte reinskemassar frå området i skråning mot innmarka på austsida, for å gje

meir jord til å kunne plante vegetasjonsskjerm i denne skråninga."

## **AVRØYSTING**

### **Alternativ avrøysting**

Rådmannen sitt framlegg - 5 røyster (1H,2AP,1SP,1MD)

R.J. Tyssebotn sitt framlegg - 2 røyster (2FRP)

### **PL - 106/16 VEDTAK:**

Innstilling frå utvalet:

